



Harald Sætre har funne dette flotte flyfotografiet av Uskedalen.

Under museumsdagen på Rød i fjor var flyfoto utstillingstema og vart ein stor suksess. Under neste museumsdag, i august 2010, kan ein utstilling av postkort frå Uskedalen vere aktuell. I alle fall vurderer Kristian Bringedal dette som eit alternativ, for det er mange, også utflytte uskedelinger, som har tildels imponerende samlingar av postkort frå bygda vår.

Ei av dei er Aud Karin Løvfall (som er født Bjelland og bur på Løvfallstrand). Ein annan er Harald Sætre, som bur i Arna. Sætre har til dømes no funne eit spesielt postkort i ein frimerke/postkortforretning i Bergen. Det er eit luffoto som truleg er teke tidleg på 1950-talet og som korkje han eller andre som har hatt mykje med fotografi å gjera ikkje har sett tidlegare.

Hvis det blir aktuelt med ei utstilling av postkort, bør ein ikkje stoppa der. Utstillinga kan vera starten på arbeidet med eit biletheft nummer 2 frå bygda. Då kyrkja var 90 år, vart biletheft nummer 1 utgjeve. Men er det interesse for å samla postkort og er det mange som har postkort på lager? Det kunne vera interessant med ei tilbakemelding, anten til Bringedal eller til uskedalen.no Postkort fortel historie og kva som gjennom åra har skjedd med omsyn til busetnad og vegetasjon. Dei er ein viktig dokumentasjon av utviklinga i bygda.

Av Ola Matti Mathisen



Aud Karin Løvfall har ei imponerende postkortsamling, også frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)